



Høyringsinstansar

Vår ref.: 25/1915-31

Dykkar ref.:

Arkiv: K2-K40

Dato: 03.07.2026

Høyring - Lokal forskrift for Stranda kommune om bruk av restlysfosterkende og termiske siktemål ved jakt på hjort.

Høyringsnotat – framlegg til lokal forskrift om bruk av restlysfosterkende og termiske siktemål ved jakt på hjort i Stranda kommune

1. BAKGRUNN

Frå 1. juli 2026 opnar jaktutøvingsforskrifta § 29a for at kommunane kan fastsetje lokal forskrift som tillèt bruk av restlysfosterkende og termiske siktemål ved jakt på hjort, når dette er nødvendig for å avverje alvorleg skade på natur- eller samfunnsinteresser som følgje av høg bestandstettleik. Forskrifta skal avgrensast til jakt i ope terreng. Kommunen skal vurdere behovet for vidareføring av forskrifta kvart femte år, og kopi av vurderinga skal sendast Landbruksdirektoratet. Jegeren skal rapportere bruk av slike siktemål ved felling av hjort i Hjorteviltregisteret.

Stranda kommune har over tid hatt ein stor hjortebestand. Hjorten er ein viktig ressurs for jaktutøvarar og grunneigarar, men høg bestandstettleik fører også til utfordringar i form av beiteskadar på innmark og skog, auka risiko for viltpåkøyrslar og utfordringar knytte til å nå bestandsmåla i den kommunale hjorteviltforvaltninga.

Kommunen vurderer at bruk av restlysfosterkende og termiske siktemål kan bidra til meir effektiv og trygg jaktutøving i situasjonar der ordinære jaktformer ikkje gir tilstrekkeleg uttak.

2. HEIMELSGRUNNLAG

Framlegget er utarbeidd med heimel i forskrift om utøving av jakt, felling og fangst § 29a fjerde ledd, der det heiter:

«For å avverge alvorleg skade på natur- eller samfunnsinteresser som følgje av høg bestandstettleik, kan kommunen i forskrift opne for bruk av restlysfosterkende og termiske siktemål ved jakt på hjort.»

3. VURDERING FRÅ STRANDA KOMMUNE

HJORTEBESTAND OG SAMFUNNSINTERESSER

Stranda kommune er blant kommunane i landet med høgast hjortetettleik. Hjorten har stor verdi som utmarkressurs, men bestanden medfører òg utfordringar.

Kommunen legg særleg vekt på:

- risiko for viltpåkøyrslar på kommunale og fylkeskommunale vegar,
- beiteskadar på innmark,
- beiteskadar og feiing på skog og foryngingsfelt og beiting på felt/bærlyngsjikt m.m.
- behov for å nå kommunale bestandsmål gjennom vedteken kommunal målsetjing og vedteke bestandsplanar.

Kommunen meiner desse forholda representerer natur- og samfunnsinteresser som lovgjevar har lagt til grunn ved innføringa av den nye føresegna.

Jakt i ope terreng

Etter forskrifta skal bruken av siktemidla avgrensast til jakt i ope terreng. Dette reduserer risikoen for feilskyting og bidreg til at jegeren har god kontroll på skyteretning og kulefang. Kommunen meiner derfor at ei slik avgrensing er både nødvendig og føremålstenleg.

Dyrevelferd og tryggleik

Restlysførsterkande og termiske siktemiddel kan gjere det lettare å oppdage og identifisere hjort under krevjande lysforhold. Dette kan bidra til tryggare skott og redusere risikoen for skadeskyting. Ansvar for sikker jaktutøving vil framleis liggje hos den enkelte jegeren etter gjeldande regelverk.

4. VURDERING ETTER NATURMANGFALDLOVA §§ 8–12

Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlaget om hjortebestanden i Stranda som godt. Vurderinga byggjer på fellingsstatistikk, bestandsdata frå Hjorteviltregisteret, sett-hjort-registreringar og lokal kunnskap frå rettshavarar og vald.

Forskrifta opnar ikkje for nye jaktformer eller utvida jakttid, men for bruk av eit siktemiddel ved lovleg jakt på ein jaktbar art.

Kommunen vurderer derfor at:

- kunnskapsgrunnlaget etter § 8 er tilstrekkeleg,
- føre-var-prinsippet i § 9 tilseier ikkje særlege avgrensingar utover kravet om ope terreng,
- samla belastning etter § 10 ikkje vil auke vesentleg,
- §§ 11 og 12 ikkje blir vesentleg påverka.

5. FRAMLEGG TIL FORSKRIFT

Stranda kommune sender samstundes på høyring framlegg til:

Forskrift om bruk av restlysførsterkande og termiske siktemål ved jakt på hjort i Stranda kommune, Møre og Romsdal.

(Forskrift ligg vedlagt høyringa.)

6. HØYRINGSINSTANSAR

Høyringa blir sendt til:

- Valdansvarlege og bestandsplanområde
 - Stranda skogeigarlag
 - Stranda bondelag
 - Møre og Romsdal Jeger- og Fiskarforbund
 - Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
 - Møre og Romsdal fylkeskommune
 - andre interesserte
-

7. HØYRINGSFRIST

Forskrifta gjeld ei avgrensa gruppe brukarar, hovudsakleg jaktrettshavarar og jegerar. Høyringsinstansane er kjende og vert varsla direkte. Av omsyn til framdrift før kommande jaktseason er høyringsfristen sett til 5 veker, noko kommunen vurderer som tilstrekkeleg for at saka skal vere forsvarleg opplyst.

Merknader kan sendast til:

Stranda kommune

Postboks 264

6201 Stranda

eller på e-post til: **post@stranda.kommune.no**

Framlegg til vedtak etter høyring

Etter gjennomført høyring vil kommunedirektøren leggje fram sak for kommunestyret med tilråding om å fastsetje forskrifta med heimel i jaktutøvingsforskrifta § 29a

Med vennleg helsing

Stranda kommune

Asle Johan Bergseth Konnerth

Skogbrukssjef

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikkje signatur.

Kopi til:

Fjord Kommune

Landbruksdirektoratet

Møre og Romsdal jeger og fiskeforening

Stranda bondelag

Stranda jeger og fiskeforening

Stranda skogeigarlag

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
02.07.2026	Framlegg lokal forskrift for Stranda kommune om bruk av restlysfosterkende og termiske siktemål ved jakt på hjort.	446694